



Mykje interessant å studera! Det oppdaga både Torhild og Erlend Moen, Kjell og Gro Hjelmeland og resten av publikum. (Foto: Thor Inge Døssland)

**Elevane i 8. klasse ved ungdomsskulen i Rosendal hadde sist veke den årlege hobbyveka. Då gjennomførte elevane opplegg etter eige val. Mandag kveld presenterte dei produkta sine for foreldre, søsken og andre. Dei mange gode elevproduksjonane gjorde dette til ei riktig så kjekk stund for publikum.**

Elevane hadde valt oppgåver innanfor eit vidt spekter. Her såg vi flotte måleri som var produsert denne veka. Der var flotte utstillingar som viste at dei hadde drive med speidaraktivitetar, fotball, klesdesign, dropskoking, hestestell, modellbygging og dataspeling for å nemna noko. Digitalfotografering var tydeleg populært. Nokre hadde arbeid med vekt på sjølve fotograferinga medan mange brukte det som ein del av presentasjonsforma for andre aktivitetar.



Ida Telstø studerer bilde på PC. Mange hadde drive med digital fotografering i hobbyveka. (Foto: Thor Inge Døssland)

Det aller mest populære valget var utvilsamt friluftliv. Svært mange hadde vore på overnattingstur ute i naturen, og dei hadde knytta til seg lærdom innanfor ulike tema knytta til dette. Det kunne vera alt frå sjøliv og fiske til lokalhistorie og aktuelt stoff om Folgefonna Nasjonalpark.  
- Jammen positivt at dei kjem seg ut og brukar naturen når dei får mulighet til det! høyrde vi mellom publikum.

Svært populær var filmen "3 musketerar 2. Produksjon" som som vart vist om att og om att. Handlinga bygde på eigenopplevde naturopplevingar frå Ænesdalen.

Elles var det svært mange forseggjorde, kreative og innholdsrike utstillingar frå dei ulike elevgruppene. Publikum trong begge timane som var sett av for at dei skulle få tid til å få med seg alt. Det er svært kjekt å sjå kva denne aldersgruppa får til når dei får dei rette rammene! Det var tydleg at dei hadde hatt det kjekt, og dessutan hadde dei tileigna seg kunnskap. Litt synd at Rosendal ungdomsskule ikkje disponerer eit større rom. Då hadde utstillinga kome endå betre til sin rett!

Elevane serverte og kaffi, saft og kaker denne trivelege kveldsstunda.

Av Thor Inge Døssland